

### *Re Section 6 Adhered to international law*

The section is a continuation of the Saltwater Fisheries Act § 3. The provisions state that the Act applies with the delimitations that follow from agreements with other states and international law otherwise.

The Marine Resources Act reflects in a better way than the Saltwater Fisheries Act international obligations and recommendations in the management of wild marine resources, as expressed in the Convention on the Law of the Sea, the UN Convention on Fisheries on the High Seas, regional fisheries agreements, the FAO Code of Conduct for Responsible Fisheries and Norway has a stake in indigenous peoples. This is stated, among other things, in the purpose statement and in § 7 on the management principle and basic supervision. Norway's obligations under international law in relation to indigenous peoples are part of the decision of the Coastal Fisheries Committee, which will be treated as a separate matter, cf. Chapter 4.5.5.

The provisions indicate that the provisions in or pursuant to the law cannot be used in violation of an international agreement to which Norway has acceded or international law otherwise. However, this does not mean that a duty under international law constitutes an independent legal basis for various measures in those cases where legal basis is required by law in accordance with the principle of legality. Føresegna thus suggests that the law must be interpreted restrictively or set aside if it is in conflict with international law.

#### *Note from the Sami Parliament*

In the consultation process, the Sami Parliament has emphasized that in the event of a conflict, international law must come first. The Sami Parliament is concerned and points out that the wording of the law shows a continuation of a sector monoistic principle as laid down in the Saltwater Fisheries Act. In the Sami Parliament's view, this will not be sufficient. Through its practice, the Supreme Court has developed the so-called principle of clarity, which means that the result can be that internal law takes precedence over international law.

The Sami Parliament has further pointed out that the Storting has assumed that § 3 of the Finnmark Act entails a partial incorporation of the ILO Convention within the framework of the scope of the Act. Against this background, the Sami Parliament has in principle maintained that it is worthwhile to include an identical provision in the Act as in the Finnmark Act § 3. While waiting for the legal follow-up of the conclusions of the coastal fishing committee, the Sami Parliament can nevertheless be part of the ministry's proposed wording.

tøy på ope hav, sidan det ikkje er nokon ansvarleg flaggstat som fører kontroll med fartøyet.

Det skal gjerast ei nasjonalrettsleg vurdering av om fartøyet kan sidestillast med statslause fartøy. I vurderinga skal det leggjast vekt på dei reelle forholda i høve til fartøyet, flaggstaten og havrettskonvensjonen sitt system for balanserte rettar og plikter som nemnd ovanfor. Havrettskonvensjonen artikkel 91 krev at det skal vere eit reelt samband mellom flaggstaten og fartøyet. Det må vurderast i kvart enkelt tilfelle om fartøy kan sidestillast med statslause fartøy. I alle høve kan ikkje eit fartøy reknast som statslaust når folkeretten er til hinder for dette.

Internasjonalt er søkjelys no retta mot flaggstatar som ikkje har tilstrekkeleg kontroll med fiske til fartøy som er flagga i slike statar. Mellom anna vil FAO utarbeide kriterier for å evaluere prestasjonen til flaggstatane, inkludert moglege tiltak mot fartøy som ikkje møter slike internasjonale standardar for fiskeriaktivitet. Slike kriterier som det vert internasjonal semje om kan også takast med i vurderinga av om eit fiskefartøy kan sidestillast med statslause fartøy.

Dersom det er rimeleg grunn til å tru at fartøyet manglar nasjonalitet, kan det vere grunnlag for inspeksjon av eit slikt fartøy på det opne hav. Fartøy som brukar to flagg om kvarandre, skal reknast som statslause. Ein inspeksjon basert på grunngeven mistanke kan ut frå dokumentasjon hos fartøyet, avdekkje om det er noko reelt forhold til flaggstaten eller om fartøyet etter forholda er å rekne som statslaust.

#### *Til § 6 Tilhøvet til folkeretten*

Paragrafen er ei vidareføring av saltvassfiskelova § 3. Føresegna slår fast at lova gjeld med dei avgrensingane som følgjer av avtalar med andre statar og folkeretten elles.

Havressurslova synleggjer på ein betre måte enn saltvassfiskelova folkerettslege plikter og tilrådingar i forvaltninga av viltlevende marine ressursar, slik dei kjem til uttrykk mellom anna i havrettskonvensjonen, FN-avtalen om fiske på det opne hav, regionale fiskeriavtalar, FAOs åtferdskodeks for ansvarleg fiskeri og folkerettslege plikter Noreg har i høve til urfolk. Dette kjem mellom anna fram i formålsføresegna og i § 7 om forvaltningsprinsippet og grunnleggjande omsyn. Noreg sine folkerettslege plikter i høve til urfolk er ein del av utgreiinga til kystfiskeutvalet som skal behandlast som ei eiga sak, jf. kapittel 4.5.5.

Føresegna viser til at føresegnene i eller i medhald av lova ikkje kan nyttast i strid med internasjo-

nal avtale som Noreg har slutta seg til eller folkeretten elles. Dette inneber likevel ikkje at ei folkerettsleg plikt utgjer ein sjølvstendig heimel for ulike tiltak i dei tilfella der det er nødvendig med heimel i lov etter legalitetsprinsippet. Føresegna leier såleis til at lova må tolkast innskrenkande eller settast til side ifall ho er i strid med folkeretten.

#### *Merknad frå Sametinget*

Sametinget har i konsultasjonsprosessen understreka at i tilfelle motstrid må folkeretten gå først. Sametinget har vore bekymra og viser til at ordlyden i lova viser ei vidareføring av eit sektormonoisitisk prinsipp slik det var nedfelt i saltvassfiskelova. Dette vil etter Sametingets syn ikkje vere tilstrekkeleg. Høgsterett har gjennom sin praksis utvikla det såkalla klarheitsprinsippet som gjer at resultatet framleis kan verte at intern rett går framfor folkeretten.

Sametinget har vidare vist til at Stortinget har lagt til grunn at § 3 i finnmarkslova inneber ei delvis innkorporering av ILO-konvensjonen innanfor rammene av verkeområdet for lova. På denne bakgrunn har Sametinget prinsipielt halde fram at det vert teke inn ei likelydande føresegn i lova som i finnmarkslova § 3. Medan ein ventar på den lovmessige oppfølginga av konklusjonane til kystfiskeutvalet, kan Sametinget likevel subsidiært vere med på departementet sitt forslag til ordlyd.

#### *Til § 7 Forvaltningsprinsipp og grunnleggjande omsyn*

Paragrafen er ny og stiller opp nokre av dei viktigaste omsyna i forvaltninga av dei viltlevende marine ressursane. Omsyna er ei utdjuping av formålet med lova, jf. § 1.

*Første ledd* gjev ei lovfesting av det forvaltningsprinsippet som er drøfta i kapittel 4.4 og pålegg departementet å vurdere kva for forvaltningstiltak som er nødvendige for å sikre ei berekraftig forvaltning av dei viltlevende marine ressursane. Føresegna gjev ikkje pålegg om korleis, kva tid eller kor ofte forvaltninga skal vurdere kva for forvaltningstiltak som er nødvendig for å sikre ei berekraftig forvaltning. Det vil det vere opp til forvaltninga sitt skjøn å avgjere. Likevel skal desse vurderingane skje jamleg.

Det sentrale i forvaltningsprinsippet er at styresmaktene skal gjennomføre vurderingar for å sikre at forvaltninga er berekraftig. Dei vurderingane og dei avgjerdene ein tek skal vere innanfor ei berekraftig ramme, byggje på ei heilskapleg tilnærming og vere baserte på grundig fagleg kunn-